

## Saksprotokoll i fylkestinget - 17.12.2019

**Aleksander Øren Heen (SP)** sette på vegner av Sp, Ap, MDG, SV, KrF og V fram slikt forslag:

- (a) «Nytt punkt  
Dei partipolitiske sekretariata skal knytast opp mot dei same digitale løysingane som faste fylkestingsmedlemar. Partisekretariata skal gratis stillast til disposisjon eit lese Brett og evt. ein politikar-pc. Partisekretariata skal for eigen kostnad kunne knyte fleire brukarar til ordningane.»
- (b) «Nytt punkt  
Fylkestinget vedtek at alle parti sine gruppeleiarar skal ha rett til ei dekkja reise kvar veke innad i Vestland fylke. Reisene kan gå over inntil to dagar. Reiser mindre enn 40 kilometer vert ikkje dekkja. Reiser for møte i folkevalde organ kjem i tillegg. Ordninga kan ikkje nyttast til reine partiarrangement. Fylkesordførar får fullmakt til å godkjenne eventuelle reiser utover dette.
- Dette er eit tiltak som skal jamne ut kostnader mellom parti som har gruppeleiar som bur sentralt eller har lengre reiseveg. Det vil kunne forebygge at parti ikkje vil velje politikarar utfrå bustad og kostnader, noko som ville vore eit demokratisk problem.»
- (c) «Nytt punkt  
Fylkestinget ber om ei sak til fylkestinget i juni 2020 der ein går gjennom reiseregulativ m.v. for politikarane i Vestland fylkeskommune.»

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ

1. Fylkestinget vedtek ordning med støtte til politiske parti i Vestland fylkesting, og vil fastsette økonomiske rammer for ordninga i fylkesbudsjettet for 2020.
2. Fylkestinget legg til grunn at midlar i ordninga vert fordelt med 15% av vedteke ramme fordelt likt på alle parti som grunnstønad, og resten (85%) vert fordelt til partia per. representant i fylkestinget.
3. Fylkestinget går inn for at ordninga gjeld frå Vestland fylkesting er konstituert 15.oktober 2019, og at det vert lagt opp til etterbetaling av perioden fram til 1.1.2020, ved første utbetaling i 2020.

For parti som i dag mottek slik støtte frå dagens fylkeskommunar, vil det bli gjort eit fråtrekk for perioden fram til 1.1.2020. Dersom parti mottek like mykje eller meir støtte i tilsvarande ordning frå dagens fylkeskommunar fram til 1.1.2020, vil dei ikkje motta slik etterbetalt støtte i tillegg frå Vestland fylkeskommune for denne perioden.»

**Knut Inge Andersen (FNB)** sette fram slikt forslag:

«Endring

Satsane for partigodtgjersle i Vestland vert reduserte med 20%.»

### Avrøysting

Andersen sitt forslag fekk 8 røyster (FNB, R) og fall.

Innstillinga vart vedteke med 41 røyster mot 24 røyster (H, Frp, FNB) for Ekeland Bjørkly sitt forslag.

Øren Heen sitt forslag (a), (b) og (c) vart vedteke mot 24 røyster (H, Frp, FNB).

### Vedtak

1. Fylkestinget viser til §10 i partilova om «overordnede prinsipper for offentlig støtte» og legg denne til grunn for Vestland fylke si partistøtteordning.

Fylkestinget vedtek ordning med støtte til politiske parti i Vestland fylkesting, og vil fastsette økonomiske rammer for ordninga i fylkesbudsjettet for 2020.

2. Fylkestinget legg til grunn at midlar i ordninga vert fordelt med 15% av vedteke ramme fordelt likt på alle parti som grunnstønad, og resten (85%) vert fordelt til partia etter tal røyster ved valet 2019.
3. Ordninga gjeld frå 1. januar 2020. Partistøtta skal årleg utbetalast til dei politiske partia sin fylkesorganisasjon som eit eingongsbeløp i januar.
4. Fylkestinget legg til grunn at midlane vert disponert slik at gruppene skal kunne utføre sitt arbeid og sine planar på ein god og tilfredsstillande måte.
5. Dei partipolitiske sekretariata skal knytast opp mot dei same digitale løysingane som faste fylkestingsmedlemar. Partisekretariata skal gratis stillast til disposisjon eit lese Brett og evt. ein politikar-pc. Partisekretariata skal for eigen kostnad kunne knyte fleire brukarar til ordningane.
6. Fylkestinget vedtek at alle parti sine gruppeleiarar skal ha rett til ei dekkja reise kvar veke innad i Vestland fylke. Reisene kan gå over inntil to dagar. Reiser mindre enn 40 kilometer vert ikkje dekkja. Reiser for møte i folkevalde organ kjem i tillegg. Ordninga kan ikkje nyttast til reine partiarrangement. Fylkesordførar får fullmakt til å godkjenne eventuelle reiser utover dette.

Dette er eit tiltak som skal jamne ut kostnader mellom parti som har gruppeleiar som bur sentralt eller har lengre reiseveg. Det vil kunne forebygge at parti ikkje vil velje politikarar utifrå bustad og kostnader, noko som ville vore eit demokratisk problem.

7. Fylkestinget ber om ei sak til fylkestinget i juni 2020 der ein går gjennom reiseregulativ m.v. for politikarane i Vestland fylkeskommune.